



Dei 3 beste damene, Hildegunn Espe(f.v.), Solveig Haugland og Malene Njaastad.

**OPPDATERT:Uskedelingane gjorde ein flott innsats då motbakkeløpet Folgefonna Opp vart arrangert under strålende vertilhøve i Mauranger i dag. Motbakkeløpet som går frå fjord til fonn samla 45 deltakarar som sprang på tid og like mange i mosjonsklassen. Deltakarane kom hovudsakleg frå Sunnhordland, Hardanger og Bergensområdet.**

Solveig Haugland var altså nest raskaste kvinne då ho gjorde unna turen på 2t 1 min 35 sek. Ho var om lag 9 minuttar etter den raskaste i dameklassen, Malene Njaastad. Nr. 3 av damene vart Hildegunn Espe frå Harding. I herreklassen var Steinar Haugland raskast av dei 5 uskedelingane. Han kom i mål etter å ha brukt 1t 41 min 36sek. Det heldt til 7.plass totalt. Også Bjørn Egil Haugland, Tord Sæle, Tor Vidar Sæle og Steinar Kroka gjorde ein sprek innsats.

Aller raskaste herreløparen vart den tidlegare storløparen Oddmund Roaldkvam frå Stord.

Den første resultatlista som vart lagt ut var dessverre feil. No finn de [fullstendig resultatliste ved å klikka her.](#)



Sprekingar vel i mål.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: Arrangøren/mauranger.no.